



Arkivnr: 2014/19488-8

Saksbehandlar: Johan J Meyer

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Hovudarbeidsmiljøutvalet		12.05.2017
Administrasjonsutvalet		18.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

#### Revisjon av rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune

##### Samandrag

Rutinane for varsling har vore vurdert på nytt med bakgrunn i erfaringar frå dei siste åra. Både administrasjonen og varslingsutvalet har gjeve innspel her. Det viser seg at det er særskilt trøng for reglar om oppfølging av varslaren i varslingssaker. Dette er tatt inn gjennom eit nytt delpunkt «e» under sakhandsaming av varslingssaker

Det har følgjande ordlyd:

*Dersom leiar går vidare med saka, bør den som har varsla få tilbod om oppfølging. Det kan i denne samanheng vurderast om det er behov for å hente inn ekstern bistand (av kompetansemessige, kapasitetsmessige, habilitetsmessige eller andre omsyn) og/eller mellombels skifte av arbeidsmiljø, medan saka går føre. Leiar kan be fylkesdirektør økonomi og organisasjon, eller den fylkesdirektøren peikar på, vurdere å ta over oppfølginga av varslaren, utanfor linja, dersom varslaren sjølv ønsker det eller dersom situasjonen elles tilseier at det vil vere tenleg.*

Ei delsetning i avsnittet om varslingsutvalet er fjerna. Det sto at varslingsutvalet har «hovudansvaret for at varslingsrutinane er kjent og vert følgd i fylkeskommunen». Dette ansvaret ligg til fylkesrådmannen ved fylkesdirektøren for økonomi og organisasjon og er stadfesta i det siste avsnittet om administrasjon, rapportering og evaluering.

I tillegg er det gjort nokre få språklege presiseringar, og samansettinga av varslingsutvalet er oppdatert pr april 2017.

#### Forslag til innstilling

Utkast til revidert rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*

.Vedlegg: Rutine for varsling (revidert april 2017)